

Møteprotokoll

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**
Møtestad: Tungestølen Turisthytte, Veitastrand
Dato: 22.06.2021
Tidspunkt: 09:00 – 11:00 (synfaring ferdig kl 14:00)

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

Merknadar

Etter styremøtet drog styret og administrasjonen til Langedalen og gjekk langs stien som skal remerkast og utbetraast med klopper. På synfaringa vart ulike tema knytt til stisilitasje, kontroll av vatn og elvar, beitedyr og reiseliv drøfta med grunneigar. Dagen før var styret på synfaring inn til Austerdalsbreen saman med leiar i Luster turlag, der det vart drøfta stiproblematikk og bevaringsmål.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar
Marthe Gjerde	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	SNO Jostedalsbreen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen

Mariel Eikeset Koren

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 22/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 24/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå SNO Jostedalsbreen 2. Status tiltak og planarbeid 3. Orientering om Stryn nasjonalparkkommune 4. Drøfting om medlemskap i EUROPARC 5. Orientering om personvernerklæring nye styresider 6. Evaluering av forvaltningsordninga 7. Framlegg til 30-års markering 8. Mediasaker sidan sist 		
ST 25/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til opprusting av stien til Flatbrehytta		2021/8759
ST 26/21	Utarbeiding av skjøtselsplanar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn - Jostedalsbreen nasjonalpark		2021/7859
ST 27/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bødalen, Erdalen og Sunndalen - Dispensasjon for innsamling av karplanter, mose, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med skjøtselsplanlegging - NIBIO		2021/7859
ST 28/21	Delegerte saker		
DS 4/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for helikoptertransport til Skåla i samband med ekstraordinære tiltak 2021 - Bergen og Hordaland turlag		2021/7649

ST 22/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.06.2021

Handsaming i møte:

Ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 23/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.06.2021

Handsaming i møte:

Ivar Kvalen føreslo Mariel Eikeset Koren til å signere møteprotokollen i lag med styreleiar.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 24/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.06.2021

Handsaming i møte:

3. Kari Synnøve orienterte om prosessen kring søknad om å bli nasjonalparkkommune etter dei nye kriteria for nasjonalparkkommunar.

4. Styret drøfta om Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skulle betale medlemskontingent og halde fram som medlem i EUROPARC Federation. Styret konkluderte med at dei ynskte å halde fram som medlem.

7. Styret vart einige om at 25. oktober skal markerast. Forvaltarar kjem med endeleg framlegg til program og oversikt over særleg inviterte gjester ved markeringa til neste møte.

Vedtak

Styret handsama sakene og tok dei til vitande.

ST 25/21 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til opprusting av stien til Flatbrehytta

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.06.2021

Handsaming i møte:

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Med heimel i verneforskrifta sin § IV, og naturmangfaldlova si § 48, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til bolting og festing av wire, oppføring av bru, og merking av delar av stien til Flatbrehytta i Sogndal kommune.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i naturmangfaldlova sin § 48, til bolting og festing av wire, i strengt naudsynt omfang, ved to lokalitetar langs stien til Flatbrehytta i Sogndal kommune.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, 3. strekpunkt, til oppsetting av to bruer langs stien over elva ved Flatbrehytta i Sogndal kommune. Brua skal byggjast av naturleg materiale som malmfurū eller liknande, og takast ned før vinteren for lagring ved Flatbrehytta. Bruene skal vere omlag 3-5 m lange.

Vidare gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve, med heimel i verneforskrifta sin § IV, punkt 1.2, 3. strekpunkt, til merking av utvalde delar av stien til Flatbrehytta.

Løyvet omfattar:

- Boring av boltar for festing av wire på to strengt naudsynte stader, av tryggleiksomsyn
- Oppføring av to bruer over elva oppe ved Flatbrehytta
- Merking av utvalde parti av stien der det er lett å gå feil

Merkinga skal ikkje vere på fast fjell, på gamle særmerkte tre eller på andre viktige natureller kulturminne, og skal følgje retningslinene i DNT si merkehandbok.

Sjølv om dette er eit tiltak som forvaltningsmyndet har ansvar for og har sett i gang på eige initiativ, vurderer vi det som riktig å vurdere tiltaket i lys av lov og forskrift. Slik vil styret sitt vedtak kunne bli klaga inn av eventuelle interessentar som er ueinige i tiltaket.

Det vil vere trong for motorferdsel i samband med tiltaket.

ST 26/21 Utarbeiding av skjøtselsplanar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn - Jostedalsbreen nasjonalpark

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.06.2021

Handsaming i møte:

Kari Synnøve Muri møter på vegne av styret på felles informasjonsmøte om skjøtselsplanarbeidet 24. august 2021 på nasjonalparksenteret i Oppstryn.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek å starte arbeid med skjøtselsplanar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn kommune i tråd med oppdrag gjeve i kontrakt mellom Statsforvaltaren i Vestland og NIBIO.

Framdrift:

- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre inviterer grunneigarar, kommunen og andre interessentar til informasjonsmøte og synfaringar i veke 34. - Juni
- NIBIO startar arbeidet, dialog med brukargrupper, førebuing feltarbeid – Juni
- NIBIO arbeider i felt - veke 34
- Felles informasjonsmøte – 24. august
- Synfaringar – 25.-27. august
- NIBIO leverer fyrste utkast til rapport - 10. november 2021
- NIBIO gjennomfører dialogmøte med aktuelle brukargrupper – november 2021
- NIBIO ferdigstiller og leverer endeleg rapport innan – 30. november 2021
- Nasjonalparkstyret legg skjøtselsplanane på høyring – desember 2021/januar 2022
- Høyringsperiode – vinteren 2022
- Nasjonalparkstyret godkjenner skjøtselsplanane etter høyring, med eventuelle endringar etter høyringa – våren 2022

ST 27/21 Jostedalsbreen nasjonalpark - Bødalen, Erdalen og Sunndalen - Dispensasjon for innsamling av karplanter, mose, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med skjøtselsplanlegging - NIBIO

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.06.2021

Handsaming i møte:

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får NIBIO løyve til å ta belegg av artar for vitskapleg føremål i Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 1.november 2021.

Det er knytt følgjande vilkår til løyvet:

- Løyvet gjeld for personell som utfører feltarbeid i samband med skjøtselsplanlegging i Bødalen, Erdalen og Sunndalen.
- Det skal ikke samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova).

ST 28/21 Delegerete saker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.06.2021

Vedtak

Delegerete saker vart tatt til orientering.

DS 4/21 Delegeret vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for helikoptertransport til Skåla i samband med ekstraordinære tiltak 2021 - Bergen og Hordaland turlag